

Frå redaktøren: tætter, fagfellevurderingar og statistikk

Dette nummeret er særns innhaldsrikt. Fyrst vil eg fortelje at *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* no har innført ei nyvinning: *tætter* (brukt i norsk sidan norrøn tid). Dette er småstykke som er vitskapelege, men som har eit smalare fokus enn større artiklar. Dei motsvarar på mange måtar det som i engelskspråklege tidsskrift ofte vert kalla *squib*. Ordet *squib* har fleire originaltydingar, og ei av dei er 'smedevise'. Dette er òg ei av tydingane til *tått*, slik det t.d. kjem fram i ei færøysk-dansk ordbok. Men ein *tått* kan òg vere ei kort historie eller artikkel, og det er sjølvsagt slike tætter vi kjem til å finne i NLT. Vi har to tætter denne gongen, og dei handlar om det same temaet: verb på tredje plassen i setninga. Marit Julien skreiv den fyrste, som vart lesen av Björn Lundquist, som så vart inspirert til å skrive sin eigen.

Dette nummeret har heile fem vitskapelege artiklar som saman dekker mange ulike felt av lingvistikken: Thorstein Fretheim om partikkelen *vel* i spørjesetningar, Stig Jarle Helset om vitskapsteori, Helga Mannsåker om metaforar, Jan Heegård Petersen om artiklar i amerikadansk og Leiv Inge Aa om preposisjonen *med*.

Fem fagfolk har vore gode og meldt bøker denne gongen. Eg takkar Pernille Hansen, Dag Haug, Ingunn Lunde, Judith Purkarthofer og Tran Truong for at dei har meldt kvar si bok.

Fagfellevurderingar er sjølve grunnstammen i eit vitskapeleg tidsskrift. Utan flinke fagfolk som gjev av tida si til å skrive kritiske og konstruktive kommentarar til dei innsende artiklane, kunne vi ikkje ha halde oppe eit vitskapeleg nivå. Det er sjølvsagt heilt naudsynt at lesarane av tidsskriftet kan lite på at artiklane presenterer ny kunnskap, og at dei byggjer på det som er skrivi om emnet tidlegare. Vi held anonymiteten høgt. Fagfellane skal vere klare over at dei kan vere kritiske utan å verte kjende igjen, og forfattarane skal òg vite at dei vert vurderte utan at ekspertane som les artiklane har fordømmar mot dei grunna alder, bakgrunn, stilling osv. Denne dobbeltblinde fagfellevurderinga er difor særns viktig. Vi har òg minst to fagfellar for kvar artikkel for å sikre riktig avgjerd. Sjølv om fagfellane er anonyme for den einskilde forfattaren, vert namna

deira offentleggjorde samla for fleire nummer. Slik kan vi takke dei så allmenta kan sjå dei, og samstundes kan dei ikkje knytast til eitt enkelt band. For dei tre banda 2017 (band 1 og 2) og 2018 (band 1) er det ei glede å takke desse fagfel-lane for innsatsen:

Nicholas Allott, Gisle Anderssen, Maia Andréasson, Norunn Askeland, Kristin Bech, Kristine Bentzen, Ivar Berg, Liz Coppock, Evie Coussé, Lars-Olof Delsing, Simon Dobnik, Helge Dyvik, Kristin Melum Eide, Lena Ekberg, Þórhallur Eypórsson, Ingrid Lossius Falkum, Ruth Vatvedt Fjeld, Mona Fors-skåhl, Maria Fremer, Jan Terje Faarlund, Anne Golden, Kristin Hagen, Arthur Holmer, Torben Juel Jensen, Eva Skafta Jensen, Gunlög Josefsson, Marit Julien, Kari Kinn, Carola Babette Kleemann, Eva Klingvall, Ida Larsson, Jan Lindström, Bjørn, Lundquist, Helge Lødrup, Tore Nettet, Michael Riessler, Håkan Rydving, Hilde Sollid, Ulla Stroh-Wollin, Torbjörn Söder, Rolf Theil, Sten Vikner, Tor Áfarli. Det var òg til saman fire redaktørar som var involverte: Elisabet Engdahl, Henrik Rosenkvist, Marit Julien og underteikna (Janne Bondi Johannessen), samt redaksjonssekretæren Signe Laake.

Til slutt nemner eg tala for artiklane som vart godtekne og avviste for dei tre banda 2017 (band 1 og 2) og 2018 (band 1). Det var til saman 18 vitskaplege artiklar som vart aksepterte, medan det var fem som vart avviste. Det vil seie at 78 prosent av artiklane vart godkjende.

Blindern 22. januar 2018,

Janne Bondi Johannessen,
redaktør